

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Kommunestyresalen, Øystre Slidre kommune	03.04.2019

RS 19-/-19 Etablering av regionalt ungdomsråd

Styret i Valdres Natur- og Kulturpark vedtok i 2017 at det skal etablerast eit regionalt ungdomsråd. Arbeidet er i gang, og saka er diskutert med alle ungdomskontaktane i Valdres saman med ungdomsrepresentantar, Ung i Valdres og sekretæren i Ungdommens fylkeesting. Arbeid med ungdomsråd er no blitt meir aktuelt fordi det med den nye kommunelova vil vere eit krav at alle kommunar har eit ungdomsråd. Det skal også utarbeidast nye retningslinjer og ny handbok for ungdomsråda.

Etter tilbakemelding frå ungdomskontaktar og representantar kom det fram følgande:

- Regionstyret må vere klar på kva oppgåver vi ynskjer å gje eit regionalt ungdomsråd
- Ungdommane må ha reel påverknad. Ein av motivasjonsfaktorane har vore at ungdomens stemmer skal høyrast i utviklingsarbeidet. Ein (eller fleire) plass(ar) i Valdresrådet er derfor naturleg.
- Arbeidet krev ein del førebuing og tilrettelegging (stillingsressurs)
- Møtegodtgjersle dekkast av heimkommunen
- Ungdomsrådsarbeidet må gå innunder samfunnsfag
- Arbeidet må forankrast både politisk og administrativt i kommunane
- Organiseringsmodell skal arbeidast fram i samspel gjennom samhandlingsmøte (workshop 10. april)

Forslag til vedtak:

Regionstyret slutter seg til resonnementet og gjev administrasjonen mandat til å fortsette arbeidet med eit regionalt ungdomsråd under skisserte føresetnader. Leiar og nestleiar i Undomsrådet skal ha plass i minst eit Valdresråd i året, og når det er saker som gjeld ungdom og framtidens innbyggjarar

Vedtak:

Vedlegg:

sign.

Utskrift sendt til